

Hasjbeslag

BAMBLE En mann i 50-årene ble søndag tatt med flere kilo hasj og omlag 200.000 kroner, opplyser Telemark politidistrikt. Beslaget ble gjort etter tips fra et annet politidistrikt, og mannen ble deretter pågrepet i eget hjem i Bamble.

– Var et uhell

SKIEN Tirsdag starter ankesaken etter at en 52 år gammel litauer ble dømt til tolv års fengsel for drap på en 40 år gammel landsmann i Re i Vestfold. Litauren erkjenner forholdet, menmannens forsvarer mener dommen i tingretten er for streng. – Dødsfallet var et uhell, sier han.

Innbrudd på anlegg

NOME I løpet av helgen har noen gjort innbrudd på Stormo avfalls-plass. Tyver har forsøkt å bryte seg inn i konteinere og lokaler. Det er stjålet verktøy, forteller politiet, som har vært på stedet og sikret seg overvåkingsvideo. Saken kan ha sammenheng med et lignende innbrudd på et avfallsanlegg i Nissedal i helgen.

Blir kjørt

OSLO Mer enn halvparten av tredje-klassinger sykler eller går til skolen, men hver tredje blir kjørt av foreldrene, viser Folkehelseinstituttets barnevekststudie. 55 prosent som deltok opplyste at de sykler eller går til skolen.

Flere stillinger

OSLO For de som ikke har jobb, kan det være håp. I andre kvartal var det 74.300 ledige stillinger, 2.400 flere enn i samme periode i fjor. Økningen i antallet ledige stillinger har i hovedsak skjedd innen varehandel og bygge- og anleggsvirksomhet, viser tall fra Statistisk sentralbyrå.

Stjal mat

KRAGERØ Mandag ble det oppdaget at det var gjort innbrudd i en hytte Krikkenveien på Skåtøy. Det er stjålet alkohol og matvarer fra hytta, ifølge operasjonsleder. Politiet fikk melding om ugjerningen like etter klokken tolv.

Kjempar for den unik

Denne kjempeauren på 9,2 kilo blei nyleg fiska i Bandak. Den tilhører ei unik aurestamme, som både forskarar og fiskarar fryktar kan bli utrydda.

Halvor Ulvenes

halvor.ulvenes@varden.no

TOKKE Teljingar kan tyde på at storauren i Tokkeåi er i nedgang.

– Denne aurestamma er hardt påvirkad av vasskraftreguleringa og stort uttak. Eg er bekymra, seier seniorforskar Morten Kraabøl i Norsk institutt for naturforskning, til Varden.

Forskaren trur at den unike fisken kom inn til Tokke ved ei gong hjelpe etter istida for 7.000 – 8.000 år sidan, og at den blei isolert frå havet da landet steig.

– Stamma i Tokkeåi har ikkje vore gjenstand for kultivering. Sjøauren har klart omstillinga, så derfor er urfisken i denne elva unik i verda. 95 prosent av all fjellaure i Noreg er til samanlikning sett ut av folk, og er ikkje like verneverdig, seier Kraabøl.

Halvert?

Undersøkingar syner at i løpet av sju-åtte år er talet på gyte-groper for hofisken i Tokkeåi halvert – frå 103 til 50.

– Dette indikerer at bestanden er på veg ned, men det er for tidleg å konkludere med at stamma er halvert. Fyrst må eg vurdere dei ulike metodane opp mot kvarandre. Generelt sett er eg bekymra for fleire av storaurestammene i Telemark. Stamma i Tokkeåi er ikkje direkte truga, men den er sårbar. Statkraft har vist stor velvilje, så eg er optimistisk for å få til ei betring, seier Kraabøl.

Han viser til at mangelen på gode reglar for minstevassføring i Tokkeåi gjer det vanskeleg for fisken å kome over dei 17 steintersklane i elva. Vidare påvirkar også variasjonar i vatnstand, lite og varmare vatt – som følgje av vasskraftreguleringa – matfaten til auren. Maten er insekt, bekkenøye og stingsild.

Følgd opp?

Neste år kjem seniorforskaren og kollegane hans med ein sluttrapport om situasjonen. Det skjer etter at feltarbeidet blir avslutta i haust.

– Eg er jo spent på om tilrå-

dingane blir følgd opp av styremaktene med konkrete tiltak. Det må heilt klart meir vatn inn i vassdraget, for å skaffe fisken betre forhold. Dette betyr litt mindre kraftinntekter, men dette er nok bransjen innforstått med, seier Kraabøl.

– Statkraft har sleppt ut meir vatn enn dei er pliktige til i fleire år no. Det har helpt bra til, ved sida av at grunneigarane har stoppa fangsten etter storauren i deltaområdet – dvs. overgangen mellom Tokkeåi og Bandak. Dette viser at partane har god innsikt i dei økologiske problemstillingane. Det er likevel langt opp til at Tokkeåi har ein moderne miljøstatus. Gjennom det arbeidet me gjer no, er det fyrste gongen i landet at ein stor regulant kan vise at ein tek vilkårsrevisionen og dei nye EU-direktiva på alvor.

Derfor har denne saka prinsipiell interesse langt utanfor Telemark sine grenser. Vasskraft har feilaktig blitt framstilt som ein heilt miljøvennlig energiproduksjon. Sanninga er at den har øydelagt store økosystem både i Noreg og verda elles fordi demningar, tersklar og därleg minstevassføring i elvene utløyer «hjarteinfarkt». Særleg skadeleg er dette for vandrande fiskeartar, som Bandakauren, legg Kraabøl til.

Pallplass


Ikkje nok med at auren frå Bandak og Tokkeåi er unik. Den er også så stor at det held til pallplassering i Noreg.

Gjennomsnittsvekta på dei registrerte storaurene i Bandak er om lag 5 kilo. Gudbrandsdalslågen har til samanlikning 4 kg. Den største auren som er teke i Noreg kjem derimot frå Gudbrandsdalslågen. Den vog 23, kg, og blei teke i garn i 1880.

Den største registrerte auren, som er teke i Tokke, vog 15,5 kilo. Ivar Haukelidsæter frå Dalen fiska den opp 21. august 2003. Den var 100 cm lang, og hadde ei livvidde på 64 cm. Fisken er stoppa ut, og heng i resepsjonen på Dalen Hotell.



REKORDFISKEN: Auren på 15,5 kilo frå 2003.



FERSK FISK: Lars Inge Sollie syner fram storauren frå Bandak som Kai Bratteså fekk nyleg.

Statkraft ventar på forskings

Miljøkoordinator i Statkraft, region Øst, Jostein Kristiansen, seier til Varden at han ventar på konklusjonane frå Norsk institutt for naturforskning (NINA).

TOKKE – Det pågår no eit treårig forskningsprosjekt. Me må

sjå på resultata der, og få tilrådingar frå NINA, før me set i verk vidare tiltak i Tokkeåi, seier Kristiansen.

Han fortel at Statkraft har innført ei sjøvpålagt minstevassføring i Tokkeåi – som varierer frå 2 kubikkmeter i sekundet om vinteren til 12 kbm/sekk om hausten. Om våren skal det vere fire kbm og seks kbm per sekund om sommaren.

– No skal NINA finne ut kva verknad dette har, seier miljøkoordinatoren.

Kristiansen viser også til at det pågår eit revisjonsprosjekt i samband med konsesjonen.

– Den kan ende opp med krav om minstevassføring, om styremaktene finn det nødvendig, seier han.

– Er du bekymra for auren? – Det skjer mykje positivt. Det er veldig høg tettleik av yngel i Tokkeåi samt mykje fisk og yngel i Bandak. Det er bra funn av viktige næringsdyr som marflo og asell på deltaområdet utanfor Tokkeåi, sva-